



Bø kommune

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

2016-2028



Innhald

Vedlegg	2
Innleiing	3
Frå plan til handling	3
Revisjon og rullering av kommunedelplanen og handlingsprogram.....	3
Vision	3
Fire satsingsområde for idretts- og friluftsfeltet	4
1. Bø-samfunnet skal ha eit sterkt og levande idretts- og friluftsliv	4
Hovudmål 1 Bø skal vere eit fagleg tyngdepunkt for idrett og friluftsliv i regionen	5
Hovudmål 2 Bø skal vere ein attraktiv studiestad der det er godt tilrettelagt for idrett og friluftsliv.....	5
Hovudmål 3 Barne- og ungdomsidrettstilboda skal vere inkluderande og femne breidde og topp	5
Hovudmål 4 Idrett og friluftsliv bidrar til auka attraktivitet for Bø- samfunnet	6
2. Sikre gode driftsmodellar for framtidsretta og energieffektive idrettsanlegg	6
Hovudmål 1 Behov for rehabilitering og nye anlegg i planperioden	6
Hovudmål 2 Avklare driftstilhøva ved dei større anlegga for å sikre at frivillige idrettslag og organisasjonar har tilgang	7
3. Legge til rette for friluftsliv for alle.....	7
Hovudmål 1 Sikre friluftsområde for alle	7
Hovudmål 2 Styrke kontakt og dialog med frivillig sektor og grunneigarar.....	8
4. Sikre anlegg og område for inkluderande aktivitet i nærmiljøet	8
Hovudmål 1 Legge til rette for aktivitet i nærområde	8
Hovudmål 2 Satse på Sykkelbygda Bø	9
Vedlegg	10

Vedlegg: Oversikt over friluftsområde i kommuneplanens arealdel 2015-2027. Verdisetting av friluftsområde med kart og utskrift av idrettens klubb- og anleggsregister ligg ved som eigne dokument.

Takk til representantar for idretts- og friluftslivet – og særskilt til Bø idrettsråd og bachelorstudent Christian Skorping, som har bidratt til utarbeiding av planen.

Framsidefoto: Bildet er frå Turistforeningens Kom deg ut-dagen 2016 - med representantar for Barnas Turlag i Bø.
Foto: Astrid Brockhus

Innleiing

Vilje til samspel

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot - og fysisk og sosial mestring. Idrett og friluftsliv engasjerer mange menneske i fritida. Ulike former for friluftsliv og fysisk aktivitet skal sikrast som eit bidrag til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og ei bærekraftig utvikling. Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. For å oppnå dette må planane vere gode politiske styringsverktøy; ein plan må vere operasjonell og konkret, men samstundes langsigktig og strategisk.

Frå plan til handling

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk på dette feltet frå 2016-2028. Planprogrammet blei vedtatt i 2015. Planen er forankra i kommuneplanens samfunnsdel (2013-2025). Planen skal rullerast kvart fjerde år, og skal følgjast opp av ein handlingsplan med prioriterte tiltak som reviderast kvart år i samband med kommunens budsjettbehandling og søknader til spelemidlar. Til kvart satsingsområde er det formulert eigne mål og strategiar. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har til rådvelde som følgje av lov, vedtak og andre føringar. Dette gjeld til dømes både økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Bø kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Samfunnsutvikling er eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar. På fleire område er kommunen sitt beste bidrag å legge til rette, det gjeld også for ein stor del idretts- og friluftslivsområdet.

Revisjon og rulling av kommunedelplanen og handlingsprogram

Formålet med planar er at dei skal påverke dei beslutningar som fattast til dagleg i forvaltninga og av private i ei retning som er i samsvar med langsigktige retningsliner for samfunnsutviklinga. Det er difor nødvendig å ha eit system for korleis planane kan fange opp nye eller endra behov. Det er obligatorisk for kommunen å sjå over og vurdere endringar i styringsdokumentet minst ein gang kvart fjerde år når eit nytt kommunestyre skal ta stilling til den kommunale planstrategien. Det er naturleg å revidere kommunedelplanen i samband med denne gjennomgangen kvart fjerde år, medan planens handlingsdel skal rullerast årleg.

Visjon

Bø skal vere ein av landets fremste kulturkommunar¹

Bø kommune er ein attraktiv kommune med sunn og sterkt vekst både i folketal og arbeidsplassar. Bø kommune er vertskommune for Høgskolen i Sørøst-Norge med om lag 2800 studentar knytt til Studiestad Bø, og for Bø Sommarland som i løpet av korte sommarmånader har om lag 150 000 besøkande. Bø kommune har lagt godt til rette for gode idretts- og friluftslivsaktivitetar, og har ei aktiv befolkning med høg kompetanse og sterkt engasjement som bidrar.² Dette er eit godt utgangspunkt for å utvikle lokalsamfunnet vidare med fokus på livskvalitet, aktivitet og folkehelse. Bø kommune har vekst i busetnad og talet på arbeidsplassar over landsgjennomsnittet.

¹ Visjonen for kulturarbeidet er vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025, Bø kommune – og omfatter kultur, idrett, friluftsliv og frivillig sektor.

² Dokumentert i underlaget til Kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025, Bø kommune

Bø er eit regionsenter i Telemark og eit naturlig senter i Midt-Telemark. I kommuneplanens samfunnsdel (Bø kommune 2013), er det prioritert tre satsingsområde som også vil vere førande for den framtidige utviklinga av idretts- og kulturlivet:

- Bø – regionsenter i Telemark
- Bø – ein nyskapande kommune
- Bø – ein god stad å bu

Fire satsingsområde for idretts- og friluftsfeltet

Planen tar utgangspunkt i ei oppfatning av at idrett, friluftsliv og frivillig innsats er ein vesentleg ressurs for samfunnsutvikling, førebygging, folkehelse og for identitetsbygging, retta mot heile befolkninga. Under kvart satsingsområde blir det presentert prioriterte målsettingar og strategiar for å nå måla. I kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ønsker Bø kommune å sette fokus på fire hovudsatsingsområde med hovudmål under kvart av dei fire:

- Eit sterkt og levande idretts- og friluftsliv
- Gode driftsmodellar for framtidssretta og energieffektive idrettsanlegg
- Sikre friluftsområde for alle
- Prioritere anlegg og område for inkluderande aktivitet i nærmiljøet

1. Bø-samfunnet skal ha eit sterkt og levande idretts- og friluftsliv

Kommunen skal i planperioden vidareutvikle og styrke samarbeidet med og betre ramnevilkåra for dei frivillige aktørane.³ Med det idretts- og friluftsfaglege forskings- og studiemiljøet på Høgskolen i Søraust-Noreg og Telemarksforskning, eit aktivt lokalt idrettsmiljø og gode arenaer og anlegg, vil Bø vere eit naturleg tyngdepunkt for administrasjon og utvikling av regionens idretts- og kulturliv i framtida. Dette inneber at det leggast godt til rette for samhandling mellom aktørane og koordinering av aktivitetar gjennom satsing på møteplassar, gode avtalar og ramnevilkår. Studiestad Bø med om lag 2800 studentar, tilbyr studiar i mellom anna idrett, leiing, administrasjon og friluftsliv. Det er naturleg å utvikle betre rutinar for utveksling av kompetanse og samhandling mellom kommune, idretts- og friluftslivsorganisasjonar, skulane og høgskulen.

Bø har i dag eit engasjert frivillig idretts- og friluftslivsmiljø som bidrar sterkt til identitetsskaping, verdiskaping og aktivitet i regionen. I Bø er det registrert om lag 30 idretts- og friluftslivslag og organisasjonar, fleire med medlemmer på tvers av dagens kommunegrenser. Å delta i det frivillige livet gir mulighet til å etablere gode sosiale relasjonar, å meistre på andre arenaer og bidra til godt bustadmiljø og trivsel. Norsk idrett og friluftsliv er basert på dugnadsarbeid og frivillig innsats - og representerer viktige verdiar i samfunnslivet. Det er eit viktig samfunnsansvar å legge til rette for at det frivillige skal ha gode ramnevilkår. Ungdomsløftet er norsk idretts tiårige satsing fram mot 2022 for å rekruttere og behalde fleire ungdom i norsk idrett.⁴ Målet er at ungdom mellom 13 og 19 år skal vere med lengst mulig som aktive, men også i rolla som trenarar, leiarar, dommarar og frivillige med ansvar for ulike oppgåver i klubben.

³ Kommuneplanens samfunnsdel 2013-25, Bø kommune

⁴ Norges idrettsforbund – Ungdomsløftet

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/ungdomsidrett/ungdomsloftet/>

For å oppnå dette har idretten definert tre likeverdige «søyler» som skal nå ulike målgrupper innan ungdomssegmentet: 1) Framtidas utøvarar, 2) Ugt leiarskap og 3) Idrett for alle. Dette er aktuelle mål og satsingar for utvikling av barne- og ungdomsidretten i Bø og Midt-Telemark. Folkehelse og universell utforming er to innsatsområde som skal gjennomsyre satsinga på idrett og friluftsliv i kommunen.

Hovudmål 1

Bø skal vere eit fagleg tyngdepunkt for idrett og friluftsliv i regionen

Mål	Strategiar
Auke den administrative kompetansen og oppnå betre koordinering av aktivitetar i Midt-Telemarkregionen.	<ul style="list-style-type: none"> Satse på idrettsrådet som eit viktig kontaktorgan mellom kommune og idretten og bruke samarbeidsavtalen mellom kommunen og idrettsrådet Satse på eit felles prosjekt for å få på plass ein aktivitetskoordinator mellom kommune, skular, idrett og høgskule. Jf. prosjektet Liv og røre i Telemark Etablere eit friluftsråd for friluftsorganisasjonar i regionen og samarbeide med Forum for friluftsorganisasjonar i Telemark for vidare oppfølging og koordinering

Hovudmål 2

Bø skal vere ein attraktiv studiestad der det er godt tilrettelagt for idrett og friluftsliv

Mål	Strategiar
Samordne kartlegging av behov og planlegging av anlegg.	<ul style="list-style-type: none"> Etablere faste møte mellom høgskule, kommunale aktørar og idretts-/friluftsrådet
Auka utveksling av kompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for relevante praksisplassar for studentar i idrettsлага, grunnskule og administrasjon
Styrke studiestad Bø sin attraktivitet.	<ul style="list-style-type: none"> Bidra til å utarbeide studentmelding for Studiestad Bø

Hovudmål 3

Barne- og ungdomsidrettstilboda skal vere inkluderande og femne breidde og topp

Mål	Strategiar
Fråfall i ungdomsgruppa skal reduserast.	<ul style="list-style-type: none"> Barne- og ungdomsidretten skal ha høg kvalitet i alle ledd Idrettens ungdomsløfte skal vere ei rettesnor for dette arbeidet
Idrett for alle: Aktivitetar og tilbod skal vere inkluderande.	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen og idrettsrådet tar et ansvar for å sikre eit forpliktande samarbeid mellom offentlege og frivillige aktørar for å få alle med. Forpliktande planar for inkludering. Legge til rette gjennom vidare satsing på Aktiviteteskortet

Hovudmål 4

Idrett og friluftsliv bidrar til auka attraktivitet for Bø- samfunnet

Mål	Strategiar
Styrke dei store idretts- og friluftslivsarrangementa.	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for lokale ikkje-kommersielle cupar og festivalar med nasjonal relevans Marknadsføre Bø som idretts-, friluftslivs- og kulturmommune
Idrett og friluftsliv skal sikrast gode rammevilkår.	<ul style="list-style-type: none"> Oppretthalde tilskotsordningar Legge til rette for aktivitet i tilpassa lokale og område Bø kommune skal vere rådgjevar og samarbeidspart der det er naturleg og informere om tilbod og aktivitetar
Frivillig aktivitet og engasjement skal vere ein viktig sosial og menneskeleg møteplass.	<ul style="list-style-type: none"> Stimulere til satsing på eit mangfold av aktivitetar Samarbeid om å stimulere til rekruttering for å ivareta kontinuitet og engasjement

2. Sikre gode driftsmodellar for framtidsretta og energieffektive idrettsanlegg

St.meld.nr. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen viser til at befolkningsvekst vil skape behov for nye idrettsanlegg, dersom dagens anleggsdekning skal haldast oppe. Bø kommune er ein vekstcommune og dette inneber utfordringar for kommunen også med fokus på idrett og anlegg, og det er viktig at anleggspolitikken speglar reelle behov og legg vekt på bærekraftige og hensiktsmessige driftsmodellar. I Bø kommune er det for ein stor del selskap, idrettslag eller høgskulen som eig og driftar idrettsanlegg. Det kan verre ei utfordring at det ikkje er etablert eit koordinerande organ som sit med oversikt over kapasitet, prisar og leigeforhold i dei store anlegga. Denne planen skal avklare driftstilhøve og prispolitikk knytt til sentrale idrettsanlegg – og synleggjere reelle behov for nye anlegg og/eller rehabilitering av eksisterande anlegg.

Hovudmål 1

Behov for rehabilitering og nye anlegg i planperioden

Mål	Strategiar
Behov for treningstid i hall skal så langt det er muleg, dekkast.	<ul style="list-style-type: none"> Betre samordning og koordinering av dagens tilbod, prispolitikk og kapasitet Utgrei behov for ny gymnastikksal ved Bø skule
Gullbring skal vere ein av regionens viktigaste arenaer for idrett, friskliv og folkehelse.	<ul style="list-style-type: none"> Rehabilitering basert på sambruk og samarbeid Kartlegge lag og organisasjonars behov Etablere faste møtepunkt for dialog med brukarar
Etablere innandørs skytebane.	<ul style="list-style-type: none"> Utgrei behov og muligheter i regi av laga
Utgrei langrennsanlegg og lysløype på Lifjell.	<ul style="list-style-type: none"> Utgrei behov og muligheter i regi av laga
Satse på fleire anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet.	<ul style="list-style-type: none"> Utgrei behov og muligheter for anlegg som t.d. pump-track / bmx /sykkel, freesbee-golf, fotballgolf i nærmiljøanlegget i Gullbringområdet
Sikre utnytting av eksisterande anlegg i andre snøsikre område.	<ul style="list-style-type: none"> Anlegg for snøproduksjon kan vurderast dersom laga tar eit initiativ

Hovudmål 2

Avklare driftstilhøva ved dei større anlegga for å sikre at frivillige idrettslag og organisasjonar har tilgang

Mål	Strategiar
Fleir brukshallen ved Bø vidaregåande skule skal dekke så stor del som mulig av idrettens definerte behov for meir treningsstid i hall.	<ul style="list-style-type: none"> Prispolitikk og avtalar i regi av avtalepartane
Telemarkshallen AS skal sikrast med tanke på bruk til idrettsføremål.	<ul style="list-style-type: none"> Prispolitikk og avtalar i regi av avtalepartane
Gullbring kulturanlegg AS skal vere den viktigaste arenaen i regionen for aktivitet i idrettshall og svømmehall.	<ul style="list-style-type: none"> Prispolitikk og avtalar i regi av avtalepartane
Sandvoll idrettsanlegg skal sikrast som viktigaste utandørsarena for heilårs fotballaktivitet.	<ul style="list-style-type: none"> Prispolitikk og avtalar i regi av avtalepartane
Idrettsanlegga ved Høgskolen i Søraust-Noreg skal driftast slik at frivillige lag har tilgang.	<ul style="list-style-type: none"> Revidere avtalar mellom dei aktuelle avtalepartane
Gjennomføre ei samla kartlegging og utgreiing av eigarskap og prispolitikk ved idrettsanlegga i Bø kommune.	<ul style="list-style-type: none"> Bø kommune tar initiativ til ei slik kartlegging hausten 2016

3. Legge til rette for friluftsliv for alle

Bø kommune har eit variert natur- og kulturlandskap som eignar seg til ulike former for aktivitet. Dette er eit vesentleg grunnlag for kommunens arbeid med å betre folkehelsa gjennom eit fruktbart samarbeid med frivillige lag og aktørar. Det må satsast i eit samarbeid mellom høgskule, kommune, andre offentlege og frivillige aktørar for å oppretthalde friluftslivsinteressene i skog og mark, langs vassdraga og i fjellområda. Nærrområdet er viktig for den daglege utøvinga av friluftsliv og må sikrast. Nærrområder som er i bruk må takast vare på, og ein må legge til rette for nærfriluftslivet ved etablering av nye bustadområder. Det må leggast til rette for brei aktivitet som t.d. jakt og fiske, dognadsinnsats, ferdsel i utmark, sikring og opparbeiding av friareal i tilknyting til alle større bustadområde og sentrum – og styrking av samarbeidet med frivillige lag.

Hovudmål 1

Sikre friluftsområde for alle

Mål	Strategiar
Sikre areal og tilkomst for alle.	<ul style="list-style-type: none"> Revidere kommunens kartlegging og verdsetting av friluftsområde i samarbeid med Telemark fylkeskommune Sikring av areal i planar og utbyggingssaker med særleg fokus på område for nærfriluftsliv Sikre turutgangspunkt og parkering gjennom avtaler med grunneigarar Legge til rette for planfrie skiløyper
Sikre tilgjengelege kart og digitale løysingar.	<ul style="list-style-type: none"> Ulike aktørar bidrar til utvikling av digitale tenester gjennom samarbeid med frivillig sektor

Hovudmål 2

Styrke kontakt og dialog med frivillig sektor og grunneigarar

Mål	Strategiar
Etablere eit regionalt friluftsråd.	<ul style="list-style-type: none">• Ta initiativ til ein interkommunal prosess for å organisere friluftsorganisasjonane i regionen

4. Sikre anlegg og område for inkluderande aktivitet i nærmiljøet

I førre plan blei det fokusert på område tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet i tilknyting til bustadområde og sentrum. Situasjonen den gongen var slik at dei leikeplassane og friareala som var lagt til bustadområda, var dårlig ivaretakne pga. manglende midlar og ukjære ansvarstilhøve. Situasjonen nå er betre; Evjudalen friluftspark er opparbeida med nye G/S-vegar og universelt utforma turstitaséar, grasflater, benkar, leikepark og treningspark. Anlegget skal ferdigstilla i løpet av 2016-2017. I tillegg har velforeiningar og grendelag i større grad tar ansvar for sine nærliek- og fellesareal. I kommuneplanens arealdel (2015-2027)⁵ er det lagt vekt på kopling mellom grønstruktur i bustadområda til naturområda rundt. Dette er ein føresetnad for å få til eit naturleg nærfriluftsliv der folk bur. Det same vil gjelde for planlegging av uteområda rundt skular og barnehagar. Tur- og løypeområda i Nordbøåsen er eit godt døme på gode tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv i nær eit større utbyggingsområde. Det er likevel viktig å halde fokus på anlegg og aktivitet i nærmiljøet; kortreist aktivitet er gull verdt for trivsel og folkehelse! Bø er Sykkkelbygd frå 2016 og det er naturleg å prioritere satsing på gode anlegg og sykkelvegar.

Hovudmål 1

Legge til rette for aktivitet i nærområde

Mål	Strategiar
Legge til rette for gode aktivitetsanlegg knytt til skular og barnehagar – og kopling mellom grønstrukturen og naturen rundt.	<ul style="list-style-type: none">• Prioritere uteområde og aktivitetsanlegg høgt i samband med nybygg og rehabilitering
Prioritere areal for friluftsliv og nærmiljøanlegg for barn og unge som stimulerer til nye og kreative aktivitar .	<ul style="list-style-type: none">• Nærmiljø- og friluftsanlegg og multianlegg blir prioritert i kommuneplanen og i reguleringsplanar
Satse på universelt utforma turvegar, turvegar, turstigar og turløyper for sommar- og vinteraktivitet for alle.	<ul style="list-style-type: none">• Halde fram med å prioritere anlegg nær bustadområde i tråd med bestemmelser i kommuneplanens arealdel

⁵ Kommuneplanens arealdel – Bø kommune 2015-2017, føresegner og retningslinjer

Hovudmål 2

Satse på Sykkelbygda Bø

Mål	Strategiar
Auke andelen syklistar i kvardags-Bø.	<ul style="list-style-type: none"> • Prioritere hovudtraséar for gang- og sykkelnett, med mål om opprusting og utbetring av manglande samband • Gjennomføre tiltak gjennom avtalen om Sykkelbygda Bø som t.d. overbygde sykkelparkeringar • Prioritere tiltak for skilting og merking • Gjennomgang av vintervedlikehald av gang-/sykkelnett
Satsing på sykling som fysisk aktivitet.	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for løyper og anlegg som t.d. Pump-Track • Stimulere rekruttering, gjennom kampanjearbeid og arrangement
Satsing på sykling også som reiselivsprodukt.	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for info, treningsløyper, turløyper, rundturar og merking gjennom samarbeid med reiselivet

Vedlegg

Viktige friluftsområde i kommuneplanens arealdel Bø kommune 2015

Målestokk 1:90000

